




Vinje kommune

Årsmelding 2018



Innhold

RÅDMANNENS INNLEIING.....	3
ORDFØRAREN- Det politiske året 2018.....	4
ØKONOMI.....	5
VINJE SAMANLIKNA MED ANDRE	5
SAMFUNNET SETT GJENNOM TAL	17
MEDARBEIDARAR OG ORGANISASJON	17
PLAN OG UTVIKLING.....	22
SKULE.....	26
BARNEHAGE.....	28
HELSE, OMSORGS - OG SOSIALTENESTER	30
VINJE KJØKENDRIFT.....	37
VINJE REINHALD OG TEKSTIL.....	37
BARNEVERNTENESTA	38
SAMHANDLING I VEST-TELEMARK	41
TEKNISK DRIFT OG VEDLIKEHALD	41
KULTUR	42
VINJE KYRKJELEGE FELLESRÅD	44
REGIONALT SAMARBEID	45

RÅDMANNENS INNLEIING

Rådmannen legg med dette fram årsmelding for 2018. Årsmeldinga er utarbeidd i tråd med lov og forskrift, og inneheld dei framstillingar og opplysningar som det er krav om. Saman med årsrekneskapen er årsmeldinga ei viktig tilbakemelding frå administrasjonen til kommunestyret om kommunens drift og investeringar.

Organisasjonens budsjettdisiplin ved utgangen av 2018 er god. Det er framleis einingar som har utfordringar knytt til å halde budsjetttrammene, og i tillegg har det vore i gang eit arbeid knytt til omstilling for å tilpasse drifta til vedtatt økonomiplan for perioden 2019 - 2022 som er krevjande med ei desentralisert drift. Rådmannen har eit kontinuerleg fokus på dei einingane der det er driftsmessige utfordringar og gir desse utvida merksemd i form av leiarstøtte, hjelp til analyse og andre tiltak som kan være med på å sikre at brukarar blir godt ivaretatt og at drifta skjer innanfor kommunestyrets fastsette rammer.

I 2018 har det vore stor merksemd og mykje arbeid knytt til 200 års markeringa for A. O. Vinje. Vidare held dei unge i kulturskulen fram med å syne stort talent og stor breidde i deltaking i Ungdommens kulturmonstring. Innan helse- og omsorgsfeltet var opninga av dialysetilbodet i april ein milepæl, som understrekar at me i aukande grad meistrar å gje avanserte medisinske tenester her i distriktet. Kommunen har i 2018 også hatt sterkt fokus på inkluderande barnehage- og skulemiljø, og dette er det første prosjektet av dette slaget mellom *Vinjebarnhagen* og *Vinjeskulen*.

Vinje kommune har som mål å vere ein god arbeidsgjevar. Då er det gledeleg å registrere at sjukefråveret har gått ned samanlikna med tidlegare år, og ligg under gjennomsnittet for dei siste 7 åra. Det blei óg gjennomført ei medarbeidarundersøking i 2018, der 335 av tilsette svarta. Resultata ligg om lag på landsgjennomsnittet med 4,1 av 5 moglege poeng. Tilbakemeldingane blir bruka som ei rettesnor for at vi skal bli enno betre i åra som kjem.

Når dette blir skriva er me allereie langt inne i 2019 og skal vidareføre det gode arbeidet frå 2018. Alt det me får til saman gjer seg ikkje sjølv. Difor vil rådmannen rose driftseiningane og medarbeidarane for den innsatsen som blir lagt ned i Vinje kommune kvar einaste dag, og som bidreg til at utfordringar blir omdanna til gode tenester, nye og nyttige løysingar og tilfredse brukarar.

Jan Myrekrok
Rådmann

ORDFØRAREN- Det politiske året 2018

«Å være politiker er som å være fotballtrener: Man må være smart nok til å forstå spillet, og dum nok til å tro at det er viktig.»
-Eugene McCarthy

Det politiske året 2018 var prega av mykje samarbeid. Kommunane Nissedal, Seljord, Kviteseid, Tokke og Vinje gjekk saman om å lage eit felles kontor for NAV på Dalen i Tokke. Det blir eit stort arbeidsmiljø som møter ynskje frå NAV sentralt om godt kompetansemiljø. Brukarane i Vinje skal framleis få møte NAV i Åmot med kontordagar der.

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) blir berre meir og meir viktig og krev meir og meir kompetanse. Kommunane Kviteseid, Tokke og Vinje gjekk saman om å lage ei felles eining for IKT lokalisert i Vinje.

Kommunane i Vest-Telemark har også satsa saman på digitalisering gjennom Vest-Telemark rådet. Vi har no ei felles strategi og tilsett felles digitaliseringskoordinator. Kommunane blei også samde om å gå inn på eit felles prosjekt med digitalisering innan fagområdet helse – og tilsette ein eigen person på det.

Vinje kommune har utvikla eit godt samarbeid med Universitetet i Sørøst-Norge med campus på Rauland. Høgskulen fekk universitetsstatus i 2018. Kommunestyret har vedteke studentmelding som legg betre til rette for studentane, og kommunen har løyvd pengar til ei store ombygging og påbygging for å skape eit framtidsretta universitet på Rauland. Studenttalet no er høgare enn på svært lenge.

Ei einskildsak som fekk mykje merksemd var søknad om hytter på garden Neset ved Totak på Rauland. Søknaden med eit lite tal hytter skapte mykje politisk diskusjon, og blei handsama mange gonger politisk. Når eg tek med ei slik sak i denne oppsummeringa er det fordi eg trur engasjementet rundt denne saka peikar i retning av at mange no ynskjer eit lågare tempo i hytteutviklinga i kommunen – og særleg utanfor det som har vore dei tunge satsingsområda over tid: Vågslid og Rukkemo/Torvetjønn. Kanskje 2018 blei året då det kom signal om at gullet i Klondyke minkar.

Jon Rikard Kleven



Kommunestyret 2015 - 2019

ØKONOMI

VINJE SAMANLIKNA MED ANDRE

KOSTRA

Statistisk sentralbyrå (SSB) har utarbeidd eit nasjonalt system for å hente statistikk som kan brukast til å samanlikne kommunar direkte. Systemet blir kalla KOSTRA. I dette kapitlet blir det gjeve eit oversyn over ulike område der ein kan samanlikne Vinje med ei gruppe av 35 kommunar som har same type geografi og folkesetnad som Vinje og nabokommunane Tokke og Tinn. KOSTRA seier berre i nokon grad noko om kvaliteten på dei kommunale tenestene, men mest om korleis produktivitet, prioriteringar og dekningsgrader fordelar seg.

Kommunen har gjennom mange år rapportert til SSB på ulike fagområde. I KOSTRA er desse data samanstillt med rekneskapen. Som ved all statistikk kan det vera feil i materialet, men informasjonen er likevel god nok til å gje eit bilete på korleis vi ligg i høve til andre. Alle tal er førebels tal frå SSB. Både Vinje og andre kommunar kan innrapportere endringar av tal- og tenesterapportering fram til 15. april, men desse tala vert ikkje publisert før 15. juni.

For å samanlikne utviklinga i Vinje kommune over fleire år, kan ein lage tidsseriar på SSB sine heimesider, eller sjå i tidlegare årsmeldingar.

Presentasjon av nokre nøkkeltal på ulike område

KOSTRA-materialet er omfattande, med fleire detaljnivå. I dette avsnittet blir det presentert nokre nøkkeltal for dei ulike kommunale tenestekområda.


Finansielle nøkkeltal

	<i>Vinje</i>	<i>Like kommunar</i>	<i>Tokke</i>	<i>Tinn</i>
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-0,2	3,0	1,0	-2,7
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,7	3,2	4,5	0,1
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktingar i prosent av brutto driftsinntekter	98,5	98,3	57	58,4
Netto renteesponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	27,9	35,5	6,9	-3,2
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	4,0	9,9	9,4	16,4
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	65 768	64 028	65 683	63 551
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	130 779	87 262	58 368	57 805

Vinje kommune har litt dårlegere resultat enn fjoråret, men står seg fortsatt godt samanlikna med mange.


Brutto driftsinntekter i %, fordelt på inntektskilder

Vinje har framleis ei anna samansetjing av inntektene enn dei kommunane vi samanliknar oss med. Både rammetilskot og andre statstilskot er låge, målt som del av totalen, medan "Sals- og leigeinntekter" og "Andre direkte og indirekte skatter" utgjer relativt meir for Vinjes del enn for andre samanliknbare kommunar. Vi har meir inntekt frå eigedomsskatt enn like kommunar, men andelen ligg noko lågare enn i Tokke og Tinn. Tala syner òg at delar av kommunens kraftinntekter indirekte kjem andre kommunar til gode ved at Vinje får ein mindre del av statlege overføringer.



Prioritering av oppgåver

Årsmeldinga syner at kommunen framleis har eit godt servicetilbod på nær sagt alle felt i samanlikna med andre. Likevel er det interessant korleis kommunar prioriterer dei ulike sektorane mot kvarandre, samt sjå utviklinga frå førre årsmelding.



Vinje skil seg i liten grad ut frå andre kommunar i utgiftsfordelinga. Kommunen ligg høgt på tekniske tenester (VAR), og litt høgare enn like kommunar på næringsarbeid, planlegging og kultur. Kraftinntekter vert nytta til å finansiere tre av desse områda. Dette er inntekter dei fleste andre kommunane ikkje har, og dei har derfor ikkje eit økonomisk grunnlag for ein så omfattande aktivitet. På områda barnehage, grunnskuleopplæring, barnevern og bustad, brukar Vinje mindre ressursar enn samanliknbare kommunar.

Ut frå KOSTRA-tala kan ein i korte trekk oppsummere stoda slik:

Tenestetilbodet i Vinje er framleis godt, og på mange måtar ressurskrevjande i høve til andre kommunar. At ressursbruken er såpass høg på ein del tenester, må ein sjå i samanheng med at det er gjort eit bevisst val på ein desentralisert struktur på fleire område.

Økonomibarometeret frå Kommunal Rapport syner at kommunen har variable resultat innom ulike nøkkeltal. Samla rangering økonomi så har kommunen klatra 6 plassar opp frå fjoråret.

Rangering per nøkkeltall



		Antall m data	Antall m data	Antall m data	Antall m data	Antall m data	Antall m data	Antall m data	Antall m data	Antall m data	Antall m data	Antall m data			
		412	427	412	412	407	412	408	412	432	432	411			
		Korrigert netto driftsresultat	Korrigert netto driftsresultat	Brutto driftsresultat	Disposisjonsfond	Endring i disposisjonsfond	Netto renteeksponert gjeld i prosent av brutto	Endring i renteeksponert gjeld i prosent av brutto	I prosent av brutto driftsinntekter, eksklusive avdrag	Snitt siste fire år, som andel av brutto driftsinntekte	Andel av investeringene som finansieres med lån, siste fire år	Oppsamlet beløp i balansen, i prosent av brutto driftsinntekte			
		siste år, i prosent av brutto driftsinntekte	siste fire år, i prosent av brutto driftsinntekte	siste år i prosent av brutto driftsinntekte	d i prosent av brutto driftsinntekte	siste år	driftsinntekte	driftsinntekte	driftsinntekte	driftsinntekte	driftsinntekte	driftsinntekte			
Knr	Kommune	I samlé	fylket	ØKONOMI	ØKONOMI	ØKONOMI	ØKONOMI	ØKONOMI	ØKONOMI	ØKONOMI	ØKONOMI	ØKONOMI			
834	Vinje	255	12	21	194	244	289	293	201	148	326	183	236	158	263

Drift


Kommunens sentrale økonomifunksjon er lagt til Økonomi, Plan og Utvikling (ØPU). Her ligg budsjett, rekneskap, løn og skatteoppkrevjaransvaret saman med anna økonomiforvaltning.

Vinje har over tid hatt ei stabilt god drift, og hatt relativt stabile netto driftskostnader. Netto driftsresultatet for 2018 syner eit overskot på 7,64 mill., mot 20,2 mill. i overskot for 2017. Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk syner at Vinje hadde eit mindreforbruk i 2018 på 13,3 mill. mot 11,8 mill i 2017. Kommunen må ha eit netto driftsresultat over tid på minst 1,75 % for å gå i balanse. Dette kjem av at resultatomgrepet ikkje fangar opp alle kostnadar slik det gjer i privat sektor. Dei fulle kostnadane ved slitasje og verdireduksjon på bygningar, inventar, maskiner m.v. (var tidligare 3%) er ikkje trekt ifrå når netto driftsresultat blir utrekna – berre avdraga på låna.

Utvikling i netto driftsresultat


Årsakene til eit betre resultat enn budsjettera er kort oppsummert:

- Auka sals- og leigeinntekter
- Auka inntekts- og formuesskatt
- Auka direkte og indirekte skatter




Utgiftsfordeling i 2018 (i 1 000 kr)

Figuren viser korleis utgiftene fordelar seg mellom dei ulike hovudgruppene innan innsatsfaktorane i tenesteproduksjonen.




Figuren viser at løn og sosiale utgifter auka med nesten 8,1 millionar frå 2017 til 2018. Kommunen brukte nesten 0,7 millionar meir på varer/tenester som inngår i kommunal teneste-produksjon, samstundes som ein kjøpte meir tenester utanfrå.

Ca 62% av driftsbudsjettet er bunde opp i løn og sosiale utgifter, omtrent som i fjor. Lønnsrelaterte utgifter utgjer vanlegvis langt meir i kommunal sektor. Dei sosiale utgiftene er ca 62,6 millionar, ei marginal auke frå fjoråret. Kommunen betalte 30 millionar i arbeidsgjevaravgift i 2018. Figuren under viser fordeling mellom løn og godtgjering, pensjonar og arbeidsgjevaravgift i perioden 2014-2018.




Gjeld


Gjennom året har vekta gjennomsnittrente variert frå 1,78 % ved inngangen av året, til 1,81 % ved utgangen av året. Grunnen til auka er auka marknadsrente. Gjelda til kommunen har auka med ca 64,8 millionar, mens renteutgiftene har auka med ca 1,65 millionar kr i 2018 samanlikna med 2017.



Gjelda har halde seg høg dei siste åra, og er høg samanlikna med mange kraftkommunar. I forvaltninga søkjer ein å oppnå stabile finansutgifter, samstundes som ein ynskjer å dra nytte av det historisk låge rentenivået. Rentenivået på låneportfølja er i tråd med- og reflekterer kommunens rentesikringsstrategi og blir evaluert fortløpande. I høve til finansreglementets krav har. Største enkeltlån (NOK 122 mill.) utgjer 22,36 % av total lånegjeld, og kravet her er 30%. Tilhøvet mellom korte og lange fastrenter og flytande rente ser ein i figuren under:




Kommunen hadde ved årets utgang plassert sine innlån i seks låneinstitusjonar, som går fram av figuren under:



Renteinntekter


Vinje kommune har, i tillegg til driftskonti i Tinn sparebank og DnB, dei siste sju år plassert overskotslikviditet gjennom Gjensidige Investeringsrådgiving. Innskotsvilkåra i bank har vore knytt opp mot 1 månads NIBOR. Plasseringa i Gjensidige har vore svakare i 2018 enn 2017.

Aksjar og renter i 2018: Veldig grovt kan ein dele 2018 i to. Fram til oktober var inntjeningstala som blei rapportert så gode at aksjar, oljepris og lange renter steig. Sentralbanken i USA satt styringsrenta opp 4 gonger fordi økonomien har fått arbeidsledigheta ned, og god fart på økonomien og framtidstroa. Renteoppgang isolert sett øydelegg ikkje oppgangssyklar. I starten er dei eit godt signal. Den foreløpige usikkerheta kring korleis Brexit, Italias gjeld og handelsavtalen USA-Kina blir løyst ga nok usikkerheit utover hausten til å bremse oppgangen i aksjar. 2018 blei et år kor aksjekursar korrigererte litt ned, etter fleire år med god avkastning. Avkastninga blei -0,52% i 2018. Etter 10 år, kor dei lange rentene har falt og falt, har dei begynt stigningen/normaliseringen igjen.




Marknadsverdien ved nyttår 2018 var kr 75.400.267. I løpet av 2018 har verdien blitt redusert med kr 368.490. Dette beløpet fordeler seg slik på dei ulike aktivaklassane:

Porteføljeallokering



Likviditet

Vinje kommune har hatt ein god likviditetssituasjon i 2018. Kommunen har i gjennomsnitt hatt ca. 162,9 mill. kr innestående på konto, medrekna den plasserte overskotslikviditeten som har marknadsvardi på kr 75,4 mill. i Gjensidige. Dette er 16,1 mill. høgare enn 2017. Figuren under gjev eit bilete på likviditetssituasjonen siste dato i kvar måned dei siste fire åra:




Investeringane

Vinje hadde i 2018 noko høgare aktivitet på investeringsfronten 2017.




Bryt ein finansieringsbehovet i investeringsrekneskapan opp i hovudtal, ser ein som vanleg at investering i anleggsmidlar er dominerande også i 2018. I 2018 var utlån av startlån kr 3,3 mill og KLP kr 1,6 mill.




Balansen

Tabellen nedanfor syner at omløpsmidlane sin del av dei samla aktiva i kommunen er på omtrent same nivå som 2017. Både auken i anleggsmidlar på ca. 110 mill. kr, og ca. 3,7 mill. mindre i sum omløpsmidlar gjer at biletet vert endra. Totalkapitalen er på nesten 2,1 milliardar kr. og har auka med 5,4% i løpet av 2018.



Fondsmidlar

Fondsbeholdninga er redusert frå ca. 160,2 mill. i 2017 til ca 160,1 mill. i 2018. I tala ligg det disponerte og udisponerte midlar det einsskille år. Figuren under baserer seg på note 6 i rekneskapan.




Verksemda

Investeringar

Det blei investert for 93,1 mill. i anleggsmidlar i rapporteringsåret, mot ca 66 mill. året før. Kommunen betalte eigenkapitalinnskot i KLP på kr 1,6 mill. kr. Det blei lånt ut 3,3 mill i startlån og betalt kr 934 000 avdrag.

Rekneskapen er dominert av mange mindre prosjekt, men av dei større investeringane kan ein nemne kaup og ombygging av Coop-bygget 15,4 mill , Åmot barnehage 10,5 mill, Norheimstunet 5 mill og gang- og sykkelvegar 7,2 mill. Investeringsrekneskapen kjem ut med eit resultat i balanse for 2018.

Dersom ein gjer ei samanlikning over tid, så ser ein at 60,1 % av investeringane siste fire år er lånefinansierte. Andelen var noko lågare i tidlegare for så å ha auka dei seinste åra.



Drift

Vinje kommune har eit mindreforbruk på kr 13,3 mill i 2018. Om ein ser bort frå Helse og omsorg, syner rekneskapen jamt over gode resultat for einingane.

Tabellen på under syner korleis driftsresultatet er samansett og fordelt på resultateiningar, kraftinntekter og andre postar.

Fordeling driftsresultat 2018 jf. note 11 rekneskapen	Mindreforbruk		Meirforbruk	
	2018	2017	2018	2017
Tenestetorg/OAI	kr 713 775			kr 67 526
Rådmannen	kr 388 874	kr 117 247		
Sosial/Barnevern	kr 184 027	kr 4 228		
ØPU	kr 1 973 892	kr 2 396 689		
Barnevern			kr 494 717	kr 8 280
Sjølvkost Byggesak/Arealplan/Oppmåling	kr 224 320			kr 1 461 898
Rauland skule	kr 572 942	kr 671 698		
Åmot skule	kr 178 974			kr 2 515 257
Edland skule	kr 935 521	kr 897 539		
Øyffjell oppvekstsenter	kr 43 792	kr 392 676		
Åmot barnehage	kr 653 371	kr 341 830		
Rauland barnehage	kr 62 651	kr 491 828		
Edland Barnehage	kr 150 304			kr 140 698
Vinje kjøkkendrift	kr 302 853	kr 55 455		
Vinje helse og omsorg		kr 1 172 486	kr 1 891 373	
Kultur	kr 850 401	kr 766 787		
Teknisk drift og vedlikehald	kr 1 915 087	kr 1 732 690		
Sjølvkost VARF	kr 554 552			kr 2 644 413
Reinhald og tekstil			kr 373 913	kr 148 141
Næring	kr 1 793 063	kr 5 416 668		
Overført frå drift til investering				
Særavtalekraft		kr 1 260 545	kr 1 254 470	
Rammetilskot			kr 1 944 317	kr 1 941 153
Konsesjonskraft inntekter		kr 435 293	kr 395 900	
Statstilskot				kr 529 212
Tilkoplingsgebyr				
Skattar/eskatt	kr 6 876 886	kr 4 534 386		
Flyktningstilskot		kr 233 566		
Renter og avdrag mm		kr 1 919 234	kr 930 099	
Konsesjonsavgifter	kr 161 208	kr 298 746		
bruk fond/underskot	kr 1 149 000			
Gebyr/ tap på krav	kr 922 665			
Rekneskapsresultat einingane	kr 11 498 399	kr 14 457 821	kr 2 760 003	kr 6 986 213
Rekneskapsresultat utanom einingane	kr 9 109 759	kr 8 681 770	kr 4 524 786	kr 2 470 365
Samla rekneskapsresultat	kr 20 608 158	kr 23 139 591	kr 7 284 789	kr 9 456 578

Når ein vurderer resultatata må ein hugse på at resultatet, som kjem fram i rekneskapen for den einskilde eininga, inneheld det einingane har fått med seg av overskot og underskot frå tidlegare år. Rekneskapsresultatet gjev såleis ikkje utan vidare uttrykk for resultatet av "fjorårets drift". Ei eining som t.d. har store overskot kan ha samla opp dette over fleire år.

Økonomisk styring – budsjettavvik

Det samla budsjettresultatet i einingane er i korte trekk prega av moderate utgifter til drift. Under følgjer kommentarar til dei største avvika og endringane:

Fellestenesta (OAI+tenestetorget)

Eininga hadde eit mindreforbruk på omlag kr 714 000 i 2018. Avviket skuldast mellom ana at ein ikkje sette inn vikar da einingsleiar slutta sumaren 2018, høgare inntekter frå refusjon for

lærlingane enn budsjettera, samt omfordeling av kostnader etter grundig gjennomgang av økonomien i eininga.

Rådmann

Eininga hadde eit mindreforbruk på omlag kr 389 000 i 2018. Mykje av mindreforbruket er knytta til øyremerka tilskot til blant anna arbeidet med låginntektsfamiliar og inkluderande barnehage- og skulemiljø. Dette er prosjekt som held fram i 2019.

Økonomi, plan og utvikling

Eininga hadde eit mindreforbruk på ca 2 mill. Avviket skuldast mellom anna at eininga fekk med seg eit mindreforbruk på kr 2 mill frå 2017 og tilført ca kr 920 000 til planlegging av GS-vegar på strekninga Lidvegen – Øyfjell skule og Camp Vierli i Austbø til Rauland sentrum. Arbeidet med planlegging av GS-vegane starta opp i 2018, men hovuddelen av arbeidet blir fakturera i 2019 (ca kr 1 mill). Dette saman med at ein også i 2018 hadde periodar med redusert bemanning har ført til at ulike prosjekt er skuva ut i tid.

Edland skule

Eininga hadde eit mindreforbruk på ca 935 000 kr i 2018. Avviket skuldast mellom anna at eininga fekk med seg eit mindreforbruk på kr 600 000 frå 2017, samt eit mindreforbruk på løn grunna lågare utgifter til vikar enn det ein har fått inn i sjukelønsrefusjon (grunna ansiennitet og utdanning). I tillegg har ein i påvente av renovering/oppussing ikkje investert i inventar og utstyr i 2018.

Rauland skule

Eininga hadde eit mindreforbruk på ca 573 000 kr i 2018. Noko av mindreforbruket skuldast at eininga fekk med eit mindreforbruk på 300 000 kr frå 2017, nøktern bruk av vikarar og utsett kjøp av nye lærebøkar i påvente av ny læreplan i 2020.

Åmot skule

Eininga hadde eit mindreforbruk på ca 179 000 kr i 2018. I løpet av 2018 har ein gått igjennom ramma til eininga og gjort fleire justeringar undervegs. Mellomana fekk eininga tilført Mindreforbruket er hovudsakleg relatert til lønsutgifter, og det vil bli sett i gang tiltak for å få ned desse utgiftene i 2018. ØPU har jevnlege møter med eininga kring dette.

Åmot barnehage

Eininga hadde eit mindreforbruk på omlag kr 653 000 i 2018. Eininga fekk med seg eit mindreforbruk på kr 300 000 frå 2017, dette saman med lågare lønsutgifter enn budsjettera er orsaka til avviket.

Næringskontoret

Eininga hadde eit mindreforbruk på ca kr 1,8 mill. Avviket skuldast mellom anna at eininga fekk med eit mindreforbruk på ca 5,4 mill frå 2017, samt at mykje av mindreforbruket i 2018 er bunde opp i løyvingar som ikkje er utbetala enno.

Vinje helse- og omsorgstenester

Det er stort fokus på den økonomiske situasjonen i helse og omsorg. Arbeide med å analysere kostnadssida og inntektsida som ein starta på i 2017 er vidareført i 2018. Det er gjennomført månadleg rapport på 2. nivå, frå avdelingsleiarar og einingsleiar til plan- og økonomisjef og rådmann.

Kostnadsreduserande tiltak som vart vedtatt for budsjett 2018 er gjennomført og er vidareført inn i 2019.

Det er eit meirforbruk i 2018 på omlag 1,9 mill. Meirforbruket skuldast til dels mykje bruk av overtid ved enkelte einingar, ny teneste innan Dialyse som det ikkje vart tatt høgde for i budsjett 2018 og redusert refusjon ressurskrevjande tenester.

Kultureininga

Eininga hadde eit mindreforbruk på ca kr 850 000 i 2018. Avviket skuldast mellom anna at eininga fekk med seg eit mindreforbruk på kr 700 000 frå 2017 – i tillegg til redusert bemanning grunna sjukefråvær og permisjonar.

Teknisk drift og vedlikehald

Mindreforbruk på om lag kr 1,9 mill. skuldast mellom anna at eininga fekk med seg eit mindreforbruk på kr 1,7 mill frå 2017, samt relativt få uventa utgifter på variable kostnader som snomengder, flaum m.m.

Reinhald og tekstil

Eininga hadde eit meirforbruk på om omlag kr 374 000 i 2018. Avviket skuldast hovudsakleg auka lønsutgifter i samband med utvida reinhaldsareal og innleie av vikarar.

Barnevern

Siste faktura for 2018 blei motteke seint, slik at ein hadde justert ned budsjettet i forkant av dette. Det er bakgrunn for avviket-

Framtidsbarometeret

Framtidsbarometeret brukar 22 ulike indikatorar innan emna folketal, økonomi og sysselsetting/næringsliv som saman kan gi eit bilete av om kommunen har ein høg eller låg risiko viss det skulle bli brå endringar i økonomien eller samfunnet elles i perioden fram til 2022, som er seiste år i inneverande økonomiplanperiode.

Framtidsbarometeret skal gje kommunane eit grovt bilete av risikoområda framover. Nokre har solid økonomi og vil bli budsjettvinnarar framover fordi dei har sterk folkevekst. Andre slit økonomisk og vil får kraftig redusera inntekter framover fordi innbyggjartalet fell og sysselsettinga er lav.

Framtidsbarometeret er inga rangering. Hensikta er å gje eit bilete på om det er liten eller stor økonomisk risiko for den einskilde kommune dei neste åra målt mot resten av Kommune-Noreg. Tabellen syner plassering samt utgangspunkt.

Knr	Kommune	Folketal	Sysselsetting	Økonomi	Total poeng
0834	Vinje	200- Middels	155- Middels	157- Middels	167
0833	Tokke	293- Dårleg	203- Middels	91- Middels	184
0826	Tinn	249- Middels	204- Middels	94- Middels	147
0941	Bykle	45- Godt	37- Godt	16- Godt	10

Sitat Framtidsbarometer for Vinje:**Folketall**

I Vinje forventer SSB at folketallet vil være omtrent uendret de neste fire årene.

Sysselsetting


Målt mot innbyggere mellom 20 og 66 år, er drøyt fire av fem personer sysselsatte (81,3%) nasjonalt. De beste kommunene ligger på over 90 prosent sysselsetting, de dårligste på under 75 prosent. I Vinje er andelen sysselsatte på 90 prosent.

SAMFUNNET SETT GJENNOM TAL

Folketalsutvikling

Dei siste ti åra har Vinje totalt sett hatt ei lita folketalsauke på 1,67% frå 3 662 til 3 723 innbyggjarar. I eit moderne samfunn er mange menneske til ei kvar tid på flyttefot, og for Vinje er målet i fyrste omgang å få så mange som mogleg til å bli buande av dei som er innom.

Folketal i Vinje 1. januar, SSB



MEDARBEIDARAR OG ORGANISASJON

Service

Service er viktig for Vinje kommune. Me ynskjer at brukarar av kommunen skal oppleve at dei får ei god mottaking når dei er i kontakt med våre medarbeidarar. Tenestetorget har stort fokus på å kunne yte service og utføre tenester på vegne av mange einingar i kommunen. Dette er tidssparande for brukarane, men også for sakshandsamarane.

Likestilling og forbod mot diskriminering

Ny likestillings- og diskrimineringslov seier at aktivitetsplikten for alle offentlege arbeidsgjevarar skal konkretiserast i fire trinn for alle diskrimineringsgrunnlag, undersøkje risiko, analysere årsakar, sette i verk tiltak og vurdere resultat. Administrasjonsutvalet er likestillings- og diskrimineringsråd i kommunen. Det vart i 2018 behandla og vedteke retningsliner for varsling og trakassering i kommunen.

Medarbeidarutvikling

Både godt leiarskap og godt medarbeidarskap¹ må til for å ha ein velfungerande organisasjon. Målsetjingane for medarbeidarskap i Vinje er uttrykt slik:

- **Betre tenester**
- **Høgare brukartilfredsheit**
- **Myndige og sjølvstendige medarbeidarar**
- **Mindre avvik ved tilsyn**
- **Høgare tilfredsheit**
- **Lågare sjukefråvere**
- **Betre resultat i KOSTRA og Kommunebarometeret**
- **Alle gjennomfører medarbeidarsamtaler kvart år**

Det er gjennomført ny medarbeidarundersøking i 2018. Svarprosenten var på ca 60%, ein nedgang frå 2016. Årsakene til lågare oppslutning må kartleggast og me må arbeide med å auke denne fram mot ny undersøking i 2020. Det er i 2018 arbeidd vidare med tiltaka frå 2017. Kurs i medarbeidarskap er gjennomført med interne opplæringsressursar.

Resultatet av undersøkinga frå 2018 viser at me må sjå på tiltak innan fylgjande tema:

Meistringsorientert leing	Leing som vektlegg at den einskilde medarbeidar skal få utvikle seg og bli best mogleg ut frå egne føresetnadar, slik at medarbeidaren opplever meistring og yter sitt beste.
Kompetanseutvikling	Relevant kompetanseutvikling er avgjerande for at medarbeidarane til ei kvar tid er best mogleg rusta til å utføre oppgåvene sine med høg kvalitet, og er avgjerande for kvaliteten på dei tenester som blir levert, uansett kva type teneste vi snakkar om.
Roller	Klare roller inneber at forventning til arbeidet medarbeidaren skal gjere er tydelig definert og kommunisert.

Ein konkret handlingsplan for det vidare arbeidet vert utarbeidd for kvar eining og iverksett i 2019.

Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde

Vinje kommune har vedteke etiske retningslinjer for både tilsette og folkevalde. Vinje kommune legg stor vekt på å drive verksemda på ein open, ærleg og skikkeleg måte. Både folkevalde og tilsette har eit ansvar for å etterleve dette grunnleggjande prinsippet.

Tal på årsverk

Pr 31.12.2018 viser statistikk frå KS sitt PAI-register at Vinje kommune har 440 årsverk, ein reduksjon på ca 0,5% frå 2017.

¹ M. er summen av korleis eg forhold meg til arbeidsoppgåvene, arbeidskollegaer og arbeidsgjevaren

Lærlingar

Kommunen har hatt inntil åtte lærlingar innan helsefag og seks innan barne- og ungdomsfag, mot fem og fire i 2017. Vinje kommune er medlem av OKOS, Opplæringskontoret for offentlig sektor. Dette er eit profesjonelt organ som ivaretek samordning og oppfølging av lærlingane.

Sommararbeid for ungdom

27 ungdommar mellom 16-18 år hadde sommarjobb på ulike stader i organisasjonen, kvar på 3 veker. Dette er ein auke frå 2017 då vi hadde 21 ungdommar i ordninga.

25-års jubilarar / pensjonistar

Vinje kommune inviterer kvart år alle som har jobba 25 år i kommunen og alle som går av med pensjon i løpet av året til ein felles festmiddag. Årets middag var på Rauland høgfjellshotell. Pensjonistane fekk eit måleri av Jon Lindestad Bakken, medan 25-årsjubilarane kunne velje mellom gullklokke med inskripsjon eller ein gåvesjekk.



25-årsjubilarane saman med ordførar Jon Rikard Kleven og rådmann Jan Myrekrok
Kjellaug Gardsteig, Knut Seltveit, Steinar Øygarden, Jorid Botne, Tove Haugen, Sigrid Løk og Torunn Svelstad



Pensjonistane saman med ordførar Jon Rikard Kleven og rådmann Jan Myrekrok
Torill Bråstøyl, Nelly Loftsgarden, Astrid Andersen, Kjellaug Gardsteig, Jan Henning Loftsgarden, Sølve Omland, Sissel Bitustøyl, Reidun Hyttedalen, Kari Halsten og Hege Audny Dyrland

Tryggjande kontroll

Tryggjande kontroll (internkontroll) er integrert i den ordinære verksemdsstyringa. Compilo vert nytta som kvalitetssystemet til Vinje kommune. Systemet skal sikre at kommunen har eit felles avvik- og forbetringssystem, dokumentstyring, årshjul og ROS (risiko- og sårbarhetsanalyser). Opplæring i og bruk av Compilo er eit pågåande arbeid.


IA-bedrift

Vinje kommune har vore IA-bedrift (inkluderande arbeidsliv) sidan 2002. Det vart i 2014 inngått ei ny samarbeidsavtale mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten ved NAV Arbeidslivssenter, denne gjeld fram til 31.12.2018. Avtala om inkluderanda arbeidsliv vert noko endra frå 2019. Målet med IA-avtala er:

- å førebyggje og redusere sjukefråværet.
- hindre fråfall og auke sysselsetting av personar med nedsett funksjonsevne
- forlenga yrkesaktivitet etter fylte 50 år (auke reell pensjonsalder)
-

Sjukefråvær

Vinje kommune er ei IA - verksemd der eit av måla er å redusere sjukefråveret. Me arbeider for at alle tilsette skal trivast med arbeidet sitt og skånast mot fysiske og psykiske helseskader. Arbeidet med sjukefråver fylgjer NAV sine retningslinjer og me har ein formalisert dialog. Oppfølging av sjukefråveret var digitalisert frå NAV i 2018. Rutinene vart endra som fylgje av dette og hovudtyngda av oppfølging av fråvere vert dokumentert gjennom den digitale løysinga. Sjukefråveret har gått ned samanlikna med tidlegare år og ligg under gjennomsnittet for dei siste 7 åra.



Bedriftshelseteneste

Kommunen har avtale med Stamina Helse, avdeling Kongsberg, om levering av bedriftshelse/HMS – teneste (Helse-, Miljø- og Sikkerheit). For å få til ei god teneste er det viktig at kommunen opprettheld HMS – rådgjevarstillinga. Denne funksjonen samordnar

tenesta, hjelper einingsleiarane med oppfylging av sjukefråver, og er kontaktperson mellom einingane og bedriftshelsetenesta.

Tillitsvalde

I Vinje er det tre hovudtillitsvalde og 13 tillitsvalde/kontaktpersonar frå arbeidstakarorganisasjonar. Dei tre hovudtillitsvalde har frikjøp av tid: Fagforbundet 80%, Utdanningsforbundet 36%, og Norsk sjukepleiarforbund 20%. Fagforbundet og Utdanningsforbundet har medlemar i Administrasjonsutvalet og i Hovudarbeidsmiljøutvalet. Hovudverneombodet blir valt av og blant Fagforbundet sine medlemar.

Samrådsmøte

Rådmannen hadde møte med hovudtillitsvalde og hovudverneombodet 4 gonger i 2018.

Saker som vart teke opp omfatta ulike særforhandlingar, rutinar for heiltidskultur, retningslinjer for varsling, førebuing til forhandlingar, kvalitetssikring av stillingsutlysingar, seniorpolitikk, omorganisering, bruken av midlertidige tilsetjingar og 70 åringar, aktuell informasjon frå rådmann og problemstillingar som vedkjem dei tilsette.

Trim og aktivitetskort – 10-års jubileum

Aktivitetskortordninga er eit lågterskeltilbod med stabil deltaking på rundt 40 %, med ein liten auke i 2018. Målet er at dei tilsette skal ha ei god oppleving av å vera i aktivitet, som også har ein førebyggjande helsegevinst og er gunstig for å førebygge sjukefråvere.

I samband med 10 årsjubileet ynskte rådmannen å markere dette med å nå ut til fleire deltakarar som er i ei helsemessig faresone. I samarbeid med Stamina Helse og NAV vart det gjeve tilbod til 17 tilsette om helsekontroll med fokus livsstil og kroppsanalyse.

Premiane vart oppjustert og det friviljuge brannvesenet kom også med i ordninga i 2018.

Rådmannen takkar og rosar dei lokale sportsbutikkane som stør opp om ordninga og er med på overrekkinga . Det står att å sjå om jubileumsmarkeringa kan føre til auka deltaking i 2019.



Framme frå venstre: Liv Heidi Negarden, sjukepleiar Vinje Helse, Sigrid Breiseth, lærar Øyffjell oppvekstsenter og Terje Haugen, lærar Åmot skule. Bak frå venstre: Hege Høgset, Sport1 Åmot, Kjersti Torvetjønn, Rauland Fjellsport, Sten Andersen, organisasjonssjef, Jan Myrekrok, Rådmann, Malene Tveiten, MxSport Haukeli, Eva Vistad, personalrådgjevar og Tone Hild Sørland Lyslid, HMS-rådgjevar. Elisabeth S. Haagensen, sjefsfysioterapeut Vinje Helse var forhindra.

PLAN OG UTVIKLING

Eininga har, utover kommunens totale økonomiforvaltning, ansvar for den overordna- og detaljerte areal -planlegginga i kommunen. Under dette høyrer kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar og temaplanar. Eininga skal vera ein motor i kommunens prosjekt- og utviklingsarbeid.

Status planstrategi/planoppgåver

Planstrategi/planoppgåver	Status
Kommuneplanens samfunnsdel	vedteke 02.02.2017
Kpd Vågslid alternativ 2	vedteke 19.10.2017
Kpd Vågslid alternativ 1	Hos KMD
Kpd Stiar og løyper	vedteke 18.01.2018
Kpd helse og omsorg Vinje kommune 2017 -2030	vedteke 17.09.2017
Kpd Rukkemo –Torvetjønn	rullering under arbeid
Kpd Haukeli –Edland	rullering under arbeid
Kpd for trafikksikring 2008-2015 –	2018-2021 vedteke

Kpd Åmot	vidareførast
Kpd Rauland	rullering neste KS- periode
Kommuneplanens arealdel	Arbeidet startar opp i 2019
Næringsplan 2017-2021	vedteke 06.04.2017
Lokal forskrift motorferdsel	vedteke 22.06.2017
Beitebruksplan for Vinje kommune 2017-2020.	vedteke 31.01.2017
Overordna beredskapsplan	revidering 2018
Bustadsosial handlingsplan 2011-2016	rullering neste KS- periode
Bustadpolitisk plan 2015 -2018	rullering neste KS- periode
Klimaplan for Vinje kommune	oppstart ny plan vår 2018
Kulturminneplanen	er ikkje starta opp
Helse –sosial og smitteberedskapsplan, vedteke KS 2016	revidert i 2017
Alkoholpolitisk handlingsplan 2016 -2020, vedteke KS 2016	mindre revisjon i 2017
Hovudplan veg og bruar 2015-2020	årleg tiltaksplan
Hovudplan VA	rullering 2019
Heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan – skal erstatte alkoholpolitisk handlingsplan og vedtakast av nytt KS innan eit år etter at det er konstituert – 2020/21	vidareførast

Prosjekt, plan - og utviklingsoppgåver

Eininga har arbeidd med og bidratt i ulike prosjekt gjennom året. Ein kan nemne:

- Utviding av Norheimstunet
- Åmot kollektivknutepunkt/Åmot nordaust
- Reguleringsplan Åmothaugen Vest, inkludert universelt utforma sti til Ormetjønn
- Reguleringsplan for gs-veg Krossen –Autstbø og Øyfjell
- Kunstmuseum på Rauland
- Bustadfelt i Øyfjell
- Noregs nasjonalparkar og nasjonalparklandsbyar
- Fjellnettverket
- Geologiske kart over Hardangervidda
- Tiltaksplan for «Berekraftig mat og opplevsar»
- Infotavler og utstilling knytt til prosjekt Verdsarven i Vinje, Tinn og Notodden i samarbeid med Telemark fylkeskommune

Byggesak

I 2017 blei det gjennomført forvaltningrevisjon innan byggesakshandsaming, der blei det avdekt nokre forbettringsområde. Tiltak blei gjennomført i 2017 og 2018.

I 2018 var det registrera 352 søknadar. I tillegg brukar dei tilsette mykje tid på å svare på spørsmål og rettleie publikum. Avdelinga driv og med tilsyn.

Tilsyn etter Plan –og bygningslova

Statistikk over tilsyn i Vinje kommune pr. år

	Byggesaker totalt	Tal tilsyn	%-vis tilsyn	Utferda gebyr kr	Innleigd bistand kr
Tilsyn 2016	335	67	20,7	58 000	24 126
Tilsyn 2017	288	52 (+82)	18	110 000	6 562
Tilsyn 2018	352	40 + 59	28	50 000	36 095

Registrerte tilsynssaker har auka med 10 % sidan 2017. Årsaka til dette er at det har vore ny flyfotografering i delar av kommunen. Geodataavdelinga har registrert nye bygg i Matrikkelen og ein del av desse bygga manglar bygningspunkt. Det vert oppretta tilsynssaker fortløpande for uregistrerte bygg.

Oppfølging av lovbrøt

Reaksjonsform	Tal
Ingen reaksjon/oppfølging - Ingen ulovlegheit	6
Påminning om søknadsplikt	58
Pålegg om retting	6
Pålegg om riving	2
Trekking av FA/løyve	1
Lovbrøtsgebyr	1
Meldt til politi	1
Rapport til DiBK (Direktoratet for byggkvalitet)	1
Totalt tal på reaksjonar	76
- 55 saker overført til 2019	ikkje avslutta

Det vart utskrive gebyr på kr 50 000 for manglande kontrollsystem i føretak som medførte grov feilplassering av ei hytte. Eitt lovbrøt vart meldt til politiet. Dette gjaldt tilfelle av avfall i ei byggegrop i Holtardalen. Saka er framleis under etterforsking. Lovbrøt meldt til politiet i 2016 er framleis under etterforsking.

NÆRING

Ny næringsplan

Kommunestyret vedtok 06.04.2017 Næringsplan for Vinje kommune 2017-2021. Hovudsatsingsområda er reiseliv og landbruk, men også med vekt på andre næringar. I samband med næringsplanen blei det vedteke at ein kunne gje tilskot til bedrifter med finansiering frå Næringsfondet. Det er gjeve tilskot til 3 bedrifter og 2 bedrifter har fått avslag.

Reiseliv og turisme

Reiseliv er ei viktig næring i Vinje. Reiselivsnæringa bidreg til høg omsetnad, verdiskaping og sysselsetjing og er ein viktig faktor for eit attraktivt og levande samfunn. Med sine nærare 6000 hytter er Vinje kommune landets fjerde største hyttekommune og fylgjer etter Ringsaker, Trysil og Hol.

I 2018 er det gjort mykje innan reiselivet, men som også gagnar fastbuande. Me vil trekke fram følgjande:

- Ombytte av hytter er i slutfasen
- Avtale med Rauland Turist om levering av reiselivstenester.
- Utbetring av løypenett i Rauland
- Arbeid med spelemiddelsøknad til omlegging av løypenett i Vågslid
- Initiativtakar til å få på plass Haukeli Turist
- Dialogmøter med utbyggarar i Vågslid
- Bidrag inn i kommunedelplan Rukkemo – Torvetjønn
- Bidrag inn i kommunedelplan knytt til stiar og løyper.
- Utbetring av Vasseventyret
- Oppfølging Falkeriset

Gardbrukarar i Vinje har motteke omlag 20 % av investeringstilskota frå Innovasjon Norge i 2018 for Telemark – mest fem mill kr. Satsinga på landbruk i Vinje - med kommunale tilskot til finansiering - held fram, då vi også for 2018 har motteke mange (sju) søknader om opprusting og utbygging av driftsbygning. Telemark var et av områda i landet som blei erklært som katastrofeområde på grunn av langvarig tørke sommaren 2018. Over 60 søknader om erstatning for avlingssvikt kom inn i Vinje.

Vi har motteke 86 søknadar om produksjonstilskot og omlag 70 søknadar om ulike miljøtilskot. Det har vore byggeaktivitet på omlag 1/3 av dei 525 gardsbruka som er i kommunen dei siste 10 åra. Vi vil tru at eit pågåande generasjonsskifte og kommunale finansieringsordningar bidreg til dette.

Vinje kommune har på vegne av kommunane i Vest-Telemark og Hjartdal kommune gjort avtale for fire nye år med veterinærane tilknytt Seljord veterinærkontor for klinisk veterinær vakt i området. Vinje administrerar det statlege tilskotet på vel 1,3 mill kr for ordninga.

Skog og vilt

I 2018 blei det avverka 12 420 kubikk tømmer i Vinje, reduksjon på 16 000 kubikk frå 2017. Det blei sett ut 64 300 granplanter og utført ungskogpleie på 250 dekar ungskog.

Hjorteviltbestanden er i vekst, kvotane blei derfor auka i 2018. Det har vore krav om innsamling av prøver frå alle skotne vaksne villrein på Hardangervidda som fylgje av Skrantesjuka (CWD), utan funn. Kommunen er pålagt å ha eitt apparat med tanke på handtering av fallvilt. I tillegg er ein pålagt å ta CWD-prøver av alt fallvilt (til dømes påkøyrde dyr), her har det heller ikkje vore funn.

Opprusting av Berunuten

Vedlikehaldsarbeidet på hovudhuset på Berunuten blei ferdig i 2018.

Kraftfond Møsstrand

Styret har hatt 2 møte. Vedtektene er endra. Rettleiing for bruk av midlar er under arbeid.

Motorferdsel

28. juni 2018 vedtok Vinje kommunestyre den nye forskrifta om motorferdsel med motorfartøy i utmark og vassdrag.

Næringskontoret har det faglege ansvaret for motorferdselssaker i kommunen. I desember var nettsida Vinjenett.no for kjøp av skuterløyve på plass. Nettsida dekkjer døgnløyve, årsløyve og grunneigarløyve for det godkjende løypenett. Det var sendt ut 234 løyve gjennom nettportalen pr. 31.12.2018.

SKULE

Åmot skule	Rauland skule	Edland skule	Øyfjell oppvekstsenter
------------	---------------	--------------	------------------------

Vinjeskulen er tre kombinerte barne- og ungdomsskular og eitt oppvekstsenter med barnehage og skule frå fyrste til og med sjuande trinn. Det har i seinare år blitt meir fokus på ei felles overordna målsetting for alle skulane i kommunen gjennom omgrepet «Vinjeskulen».

Overordna mål i Vinjeskulane

- Faglege resultat i Vinjeskulen skal liggje stabilt på landsgjennomsnittet
- Elevar syner engasjement, kreativitet og evne til å presentere kompetansen sin
- Alle elevar skal ha eit godt læringsmiljø

Satsingsområde

- Fokus på «Vinjeskulen»
- Felles kompetanseheving for dei tilsette
- Kontinuerleg arbeid med utfordringane knytt til mobbing
- Førebyggjande arbeid mot vald i nære relasjonar

- Godt kosthald og aktiviteter som grunnlag for god helse
- Verdsarven inn i skulane
- God integrering av elevar frå andre kulturar.

Verdsarven i Vinjeskulen

Det blir arbeidd aktivt med å få verdsarven inn i Vinjeskulen og barnehagane. Vinje kommune har fått midlar til lærar-utveksling, og ein representant for skulane har vore i Italia på studietur for å lære meir om utnytting av potensialet for skular og barnehagar i Verdsarvkommunar.

Oppdraget går ut på å utarbeide faste læreplanar retta mot Verdsarven, med særleg vekt på vasskraft, utviklinga av industrisamfunna på Rjukan/Notodden. Ein vil også legge vekt på Møsvatn som kjelda til denne industrielle utviklinga. Ulike historiske hendingar knytt til desse områda skal ein relatere mot kunnskapsløftet for skulen.

Vaksenopplæring

Vaksenopplæring i kommunen er lagt til Åmot skule. Det omfattar grunnskuleopplæring og norsk/samfunnsfag for elevar på overgangsordning, og for dei som har rett og plikt til å få dette etter NIR - registeret. Introduksjonsordninga er no det vanlegaste opplegget. Alle som kjem inn under introduksjonsordninga har rett til to år og kan få tilbod om eit tredje år dersom det kan vere med på å sikre vidare utdanning og/eller jobb.

Det er ca 30 elevar på vaksenopplæring. Vaksenopplæringa er stadig viktigare og større del av drifta på Åmot skule.

Elevtalsutviklinga

Tabellen syner utviklinga av elevtal frå 2014.

Mål og måloppnåing

Faglege resultat:

Vinjeskulen ligg nært opp mot landsgjennomsnittet på nasjonale prøver.

Elevar syner engasjement, kreativitet, og evne til å presentere kompetansen sin:


Vinjeskulen har mange arenaer der elevane får syne seg fram, til dømes ulike idrettsarrangement, open skule, avslutningar, teaterstykke, rockemusikalen i kulturskulen, elevframsyningar og UKM.

Alle elevar skal ha eit godt læringsmiljø:

Arbeidet med å få mest mogleg trygt læringsmiljø for alle elevane våre, er eit arbeid som skjer heile tida på dei ulike skulane. Me har eit godt samarbeid med dei ulike barnehagane, noko som betrar sjansen for «tidleg innsats» for barn/elevar med ulike ekstra behov.

God helse er viktig for elevane si læring. Skulen dekkjer dette gjennom ulik fysisk fostring og vektlegging av sunn mat med frukt og grønt. Desse tiltaka saman med dei flotte uteområda er viktige element.

TALET PÅ ELEVAR



Andre tiltak er:

- klasseleing
- fokus på borns psykiske helse
- anti-mobbe planar
- Skuleturar og diverse sosiale arrangement

Utvalde KOSTRA-tal skule

	Vinj e	Like	Tele- mark	Tok ke	Tinn	Landet utan Oslo	Lan det
Netto driftsutgifter til vaksenopplæring pr. innbygger	1 209,2	333,6	459,6	1 311,9	5,2	326,7	333,8
Del elevar med spesialundervisning i %	8,1	9,3	7,9	3,9	7,9	7,9	7,8
Del av elevar i grunnskule som får tilbod om skuleskyss	49,0	45,1	22,7	42,0	44,5	23,1	21,6
Del av innbyggerar 6-9 år i kommunal SFO	59,9	47,7	54,6	61,7	62,3	56,3	58,4
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskulesektor pr. elev	184 760,0	156 459,3	136 952,1	165 057,2	168 625,2	127 949,1	128 990,2
Driftsutgifter undervisningsmateriale pr. elev	3 237,6	1 916,9	1 536,6	1 909,3	2 863,5	1 421,9	1 403,0
Korrigerte brutto driftsutgifter til skulefritidstilbod pr. kom brukar	25 374,7	31 953,0	33 657,2	34 446,0	34 387,0	30 833,5	31 458,1
Elevar pr. kommunal skule	104,5	120,1	211,3	128,5	117,8	225,3	237,8
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	41,2	41,1	40,8	-	39,5	41,7	41,8
Elevar med direkte overgang frå grunnskule til vg opplæring i %	97,0	97,4	97,7	100,0	95,6	97,7	97,5

BARNEHAGE

Åmot barnehage med avd Vinje	Rauland barnehage	Edland barnehage	Øyfell oppvekstsenter
------------------------------	-------------------	------------------	-----------------------

Vinjebarnehagen er tre barnehagar og eitt oppvekstsenter med barnehage og skule.

Åmot barnehage byggast ut, og barnehagen skal drivast i midlertidige lokale under utbygginga som starta opp 1.august 2018.

Det var tilbud om gratis barnehageplass i avd. Vinje ut barnehageåret 2017-2018.

Barnehagane har etterkvart eit godt utdanna personalgruppe. Alle barnehagane hadde nok pedagogiske leiarar i høve det nye kravet om pedagogisk bemanning. Det nye kravet er ein pedagog per sjuande barn under tre år og ein pedagog per 14 barn over tre år. Ny bemanningsnorm er også innført frå 01.08.18. Ein tilsett per sjette barn over tre år og ein tilsett per tredje barn under tre år.

Fleire av barnehagane har klart å få fast tilsette til å starte på barnehagelærer-utdanning. Ein ser at det har vore ei god investering i høve det å rekruttere fleire barnehagelærarar. Barnehageåret 2018-19 har Vinjebarnhagen ein student på denne ordninga.

Alle barnehagane treng kompetanse innan spesialpedagogikk for å kunne gje best mogleg tilbud. Nokre av barnehagane har ikkje dette på plass, men det vert arbeidd med å motivere tilsette pedagogar til å ta vidareutdanning.

Satsingsområde

- Felles lokal kompetanseheving for alle tilsette
- Halde fokus på «Vinjebarnhagen»
- Arbeide med språk som grunnlag for læring og som verktøy for samhandling
- Førebyggjande arbeid i høve til vald i nære relasjonar
- Godt kosthald og aktivitet inne / ute er grunnlag for god helse
- IBSM (Inkluderande barnehage- og skulemiljø)

Mål og måloppnåing

Fokus på kvalitet og kompetanse:

Vinjebarnhagen har ein lokal kompetansehevingsplan for 2017 – 2019. Kompetansehevinga gjeld alle tilsette i barnhagen, og planen tek utgangspunkt i sentrale satsingsområde, til dømes implementering av den nye rammeplanen. Det har vore lagt opp til kurskveldar og felles planleggingsdagar.

Leiinga ved barnehagane deltek i samarbeidsmøte på tvers av fag både internt i kommunen og på tvers av Vest – Telemark kommunane. Dette set barnehagetilsette i stand til å yte tidleg innsats. Barnehagane i Vinje er opne for å vere læringsarena for studentar både frå vidaregåande og høgskulemiljøet.

Nyutdanna barnehagelærarar får rettleiing dei fyste 2 åra dei er i arbeid. Her samarbeider me med dei andre kommunane i Vest – Telemark.

Vinjebarnhagen gjennomførte brukarundersøking i 2017 og med bakgrunn i denne vart det laga følgjande driftsmål for 2018:

- Barnehagen skal legge til rette for det enkelte barns utvikling
- Gode relasjonar mellom barn og vaksne
- Barn som trivst
- Barnehagen skal arbeide for å sikre foreldras medverknad
- God informasjon ut til foreldre
- Styrke barnhagen som læringsarena

God helse er viktig for barns læring. Barnehagane set dette på agendaen gjennom å vektlegge servering av frukt og grønt, fisk og anna sunn mat.

Vinjebarnehagen har i tillegg gode uteområde og fokus på fysisk aktivitet som også er viktig i arbeidet for å fremme barns helse.

Rauland barnehage og Edland barnehage har fått prosjektmidlar frå Fylkesmannen til symjeopplæring.

Alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap:

Hausten 2018 starta Vinjebarnehagen og Vinjeskulen opp eit felles prosjekt; Inkluderande barnehage- og skulemiljø. Det vart tilsett ein prosjektleiar i 50% stilling for å leie prosjektarbeidet. Det vart også sett ned ei ressursgruppe med representantar frå skule, barnehage, PPT og Rådmannsteamet i tillegg til prosjektleiar. Alle skular og barnehagar laga mål for eiga eining i 2018, og innan 1.3.19 skal alle einingane ha laga ein forpliktande plan for arbeidet vidare. Barnehagane har ein handlingsplan mot mobbing i barnehagen. Denne planen blei rullert i 2016. Det blir arbeidd aktivt med det sosiale samspelet mellom barn.

Alle barn i Vinje skal ha trygge og utfordrande oppvekstvilkår:

Vinje kommune har vedteke «Plan mot vald i nære relasjonar». Barnehagane jobbar kontinuerleg med å førebygge vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep. Barnehagane i Vinje har gode uteområde, og dei er også ivrige på å nytte nærmiljøet til turar. Dette er med på å gje barn motoriske utfordringar som gjev læring og meistringsglede.

Overgangen frå barnehage til skule kan vere stor for mange barn. Vinje kommune har ein overgangsplan som heiter «Frå eldst til yngst». Planen sikrar gode samarbeidsrutinar mellom tilsette i barnehage og skule.

HELSE, OMSORGS - OG SOSIALTENESTER

Helse, omsorg og sosiale tenester omfattar eit mangfald av tenester kommunen har ansvaret for – overfor alle aldersgrupper. Fokusområde spenner frå førebygging til behandling, omsorg og lindring. Ansvaret er lagt til einingane Helse og omsorg, Nav og Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark. Tenestene er lovpålagte. Dei fleste tenestene er organisert lokalt og i kommunen, på nokre område samarbeider ein med andre. Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark, Tokke-Vinje legevakt og Kommunale Akutte -Døgnplassar for Tokke og Vinje er døme på det.

Helse og omsorg

2018 har vore prega av omstilling i form av nedbemanning, reduksjon og endring i tenester. Fleire tiltak er gjennomført for å tilpasse seg den økonomisk ramma. Den mest omfattande endringa og tiltaket som har hatt størst konsekvens for tenestene samla sett er reduksjon av sju sjukeheimplassar. I tillegg har ein halde stillingar vakante i leiande og administrative funksjonar.

Overordna målsetting for eininga

Kommunen sine helse- og omsorgsteneste skal bidra til god helse og førebygge sjukdom. Målet er best mogleg levekår for alle, og reduserte sosiale helseforskjellar i befolkninga. Det krev heilskapleg og førebyggjande tenking i alt folkehelsearbeid og all tenesteyting.

Dei overordna kvalitetsmåla for tenestene er at dei skal:

- Vera verknadsfulle
- trygge og sikre
- samordna og prega av kontinuitet
- tilgjengelege og rettferdig fordelt
- involvere brukarar til deltaking og medverknad
- ha god ressursutnytting

Helse og omsorgstenester krev stor grad av samarbeid, - på tvers av fag og avdelingar internt i kommunen men og på tvers av forvaltningsnivå. Kommunestyret vedtok Kommunedelplan for helse og omsorg i Vinje kommune for perioden 2017 – 2030.

Fastlegeordninga

3648 personar har fastlege i Vinje. Det er same tal som i 2017. Det er 252 ledige plassar på fastlegelistene per februar 2019. Det er knytt tre fastlegar til legekantoret i Åmot. I Edland og Rauland er det ein på kvar stad. Turnuslege og tilsynslege er knytt til legekantoret i Åmot. Det er felles turnus for alt hjelpepersonell, inklusive sjukepleiarar på legevakt.

Legevakt

Kommunen sitt ansvar for legevakt er heimla i Lov om kommunale helse- og omsorgstenester (gjeldande frå 2012). I § 3-2 står det om kommunens ansvar for helse- og omsorgstenester. Kommunen skal tilby legevakt, som ein heildøgns medisinsk akuttberedskap og den er ein del av den medisinske nødmeldetjenesta. At legevakt er ei beredskapsteneste inneber at den skal vere tilgjengeleg, både i høve til bemanning, fagleg kompetanse, teknikk og utstyr. Mykje av kostnadane er knytt til å vera operative, i tråd med faglege krav og standardar.

Tokke og Vinje samarbeider om legevakt. Sju av legane er tilsett i Vinje og tre i Tokke. Av desse er det to turnuslegar. Legevaktsentralen er bemanna med sjukepleiarfrå kl 08 til 22 alle dagar. I høysesong blir legevakta bemanna opp for å handtere pågangen.

Utviklingstrekk

Tal på kontaktar til legevakta totalt - heile døgnet (kl 0800-0800) alle dagar:										
År	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Tal på kontaktar	5519	5051	7355	6325	6163	5731	5744	6108	5773	5872
Fordeling av kontaktar gjennom døgnet for 2018:										
<ul style="list-style-type: none"> • 76 % av alle kontaktane til legevakt skjer på kveld, helg og høgtid (natt ikkje inkl) • 14,9 % av alle kontaktane skjer på dagtid ordinære virkedagar (kl 0800-1500) • 9.1 % av alle kontaktane skjer på natt (kl 2200-0800). • Det er i snitt 1,5 kontaktar til legevakta pr natt, 60 % av desse går vidare til lege. 										

Fordeling av pasientar mellom <i>Vinje, Tokke</i> og <i>Gjester</i> på kveld, helg og høgtid:												
	2013		2014		2015		2016		2017		2018	
	kontaktar	%		%		%		%		%		%
Tokke	1305	26,3	1095	24,9	1104	25,5	1101	24	889	20,8	884	19,8
Vinje	2591	52,2	2397	54,4	2197	50,7	2241	48,8	2278	53,3	2302	51,6
Gjest	1069	21,5	910	20,7	1032	23,8	1247	27,2	1110	25,9	1279	28,6
Totalt	4965		4402		4333		4589		4277		4465	

Fordeling av pasientar mellom <i>Vinje, Tokke</i> og <i>Gjester</i> -heile døgnet (kl 0800-0800)		
2018	Kontaktar	%
Tokke	1 098	18,7
Vinje	2 969	50,6
Gjest	1 805	30,7
Totalt	5 872	

Statistikken syner at gjesteinnbyggjarar utgjer ein stadig større del av pasientane på legevakt.

Røntgen

Det er som tidlegare år radiolog frå sjukehuset som tek planlagte bilete av pasientar frå Vest-Telemark. I tillegg har fleire av legane i legevakt-samarbeidet godkjenning for å ta røntgenbilete.

Førebyggjande arbeid

Det førebyggjande arbeidet i høve til ulike aldersgrupper har fått auka fokus dei seinare åra, styrkt gjennom Folkehelselova frå 2012. Helse, omsorg og sosiale tenester arbeider førebyggjande i høve til alle aldersgrupper. Arbeidet omfattar alt frå fødsselførebuande arbeid, helsestasjonsarbeid, ungdomshelsestasjon, råd og rettleiing, frisklivs- og meistringstilbod i høve til ulike aldersgrupper og tema, rusførebyggjande arbeid osv.

I helsesystemtenesta har foreldrestøttande tiltak stort fokus gjennom prosjektarbeid. Prosjektet er avslutta ved årsslutt og tiltak er implementert.

Friskliv og meistring - Lærings- og meistringskurs

Frisklivssentralen organiserar mange tiltak på dag- og kveldtid. Sentralen har hatt som målsetjing å utvikle nye lærings- og meistringskurs. Kurs for pasientar med Diabetes 2 er gjennomført for fyrste gong, tilsvarande også for KOLS-pasientar. «Opptur arbeid og helse» - er gjennomført med gode tilbakemeldingar. Prosjektet er del av Forkommune Forprosjekt som kommunen fekk midlar til frå Forskningsrådet.

Frisklivssatsing mot den eldre delen av innbyggjarane er samla under omgrepet seniortiltak. Det er arrangert ein seniordag med 50 aktive deltakarar i 2018.

Frisklivssentralens tilbud blir gitt av fagfolk med ulike fagbakgrunn knytt til ulike avdelingar. Samarbeid med frivillige er viktig i dette arbeidet.

Fysioterapi

Rehabiliteringsprosjektet «Saman om den gode rehabiliteringsprosess» blei

avslutta med fagdag om rehabilitering på Vinjehuset seinhaustes. Dagen blei arrangert i samarbeid med Sjukehuset Telemark. Metodebok for rehabilitering er utarbeidd og er eit viktig hjelpemiddel for å sikre gode pasientforløp.



Ergoterapi

Ergoterapi har ei viktig rolle i det tverrfaglege arbeidet knytt til rehabilitering og deltek også i frisklivssatsinga.

Helsestasjon og skulehelsetenestesta

Skulehelsetenesta skal i samarbeid med skulens personell, elevar og føresette skape ein helsefremjande skule gjennom å fremje godt lærings-og arbeidsmiljø med fokus på helse, trivsel og sikkerheit.

0-5 år

I Vinje har vi i 2018 hatt helsestasjon i Åmot, Rauland og Edland. Helsesyster, lege og fysioterapeut er knytt til kvar helsestasjon, og ein samarbeider også nært med tenesta for psykisk helse og jordmor. Jordmor har fast rutine for tidleg heimebesøk i tillegg til helsesyster, men sidan jordmor har hatt permisjon i 2018 har helsesystertenesta hatt denne oppgåva.

Eit viktig tiltak i arbeidet er Barneteamet. Vinje er sett saman av representantar for helsestasjon, psykisk helse, fysioterapeut, skule og barnehage. Andre fagpersonar vert kalla inn ved behov. Målet med arbeidet i barneteamet er å løyse vanskane til barnet og familien på lågast mogeleg nivå, og tidleg innsats er viktig.

5-20 år

Skulehelsetenesta i Vinje er ei tverrfagleg teneste der helsesyster, psykisk helse og fysioterapeut deltek. Helsesyster har i 2018 hatt fast trefftid ved alle skulane, har hatt faste samarbeidsmøte og har elles delteke i undervisning og grupper. Ein har ansvar for å fylgje opp elevar med særskilte behov, og deltek og koordinerer ansvarsgrupper. I 2018 har helsesystertenesta hatt ei aktiv rolle i ansvarsgrupper, både som deltakar og koordinator. Vi var i 2018 med i 19 ansvarsgrupper, der helsesyster var koordinator i 14 av desse.

16-24 år

Helsestasjon for ungdom (HFU) er eit lågterskeltilbod som er viktig i det primærførebyggande arbeidet i kommunen. Åpningstida for HFU er kvar måndag frå kl 15 til 16. Det er høve til å ta kontakt utanom åpningstida, og ein legg til rette for at ungdom kan koma utover den faste åpningstida, og i tillegg ta kontakt på telefon og SMS. To i helsesystemgruppa har i 2018 arbeidd i HFU, og begge har kompetanse innan seksuell helse og har rekvisisjonsrett for hormonell prevensjon.

Studentar ved Campus Rauland har i år oppsøkt HFU for å få hjelp og rådgeving som fylgje av aktiv informasjon til studentar om tilbodet.

Talet på henvendingar er aukande.

Sjukeheim, omsorgssenter og heimetenester

Vinje Sjukeheim

Vinje sjukeheim har tre hovudfunksjonar; Øyeblikkeleg hjelp døgnplass for Tokke og Vinje, korttidsavdeling og langtidsavdeling (som også omfattar plassar tilrettelagt for demente).

Øyeblikkeleg hjelp døgnplass (KAD-plass)

Øyeblikkeleg hjelp døgnplass er ein beredskapsteneste, ei relativt ny oppgåve for kommunane heimla i lov. Plikta omfattar både somatikk og psykisk helse/rus og skal erstatte sjukehusinnlegging der dette er fagleg forsvarleg. Vinje driv tilbodet på vegne av Tokke og Vinje kommunar med to plassar. Opphald på KAD-plass er avgrensa til maksimalt fem døgn. I 2018 har det vore 82 innleggingar i somatikk og psykisk helse/rus.

Korttidsavdeling

Korttidsavdelinga har sju plassar. Tre av desse er dedikert rehabilitering. I 2018 har dette stilt ekstra krav til tenesta, då lukking av sju langtids plassar i sjukeheimen førte til redusert kapasitet det meste av året.

Nytt tilbod i 2018 – Dialyse

Frå april 2018 har vi hatt ansvar for drift av tre plassar for dialyse (satellitt). Det blir gitt dialyse tre gonger kvar veke.

Langtidsavdelinga har fire funksjonar

Vesleheimen er ei skjerma eining med sju plassar, Furuly er tilrettelagt for demente med seks plassar og Midstoga har 12 langtids plassar. Avdeling Solheim med sju plassar blei lukka i januar 2018 som del av tiltakspakke for å redusere kostnader.

Avdeling	Kapasitetsutnytting i %
Vesleheimen – skjerma eining	95%
Midstoga - langtidsavdeling	98%
Furuly – tilrettelagt avdeling demente	100%

Heimebaserte tenester

Øvre, Ytre og Rauland distrikt, inklusive Norheimstunet og Rauland omsorgssenter

Ved utgangen av 2018 var det registrert 172 pasientar som mottok heimesjukepleie og eller praktisk bistand (heimehjelp) i kommunen mot 167 i 2017. Eit utviklingstrekk er at heimebuande mottok meir omfattande bistand heime. Vinje sin geografi med store avstandar påverkar kostnadsbiletet i heimebaserte tenester.

Psykisk helse og rus

Vel 100 vaksne har motteke bistand på dette feltet i 2018. Tenesta omfattar i tillegg tiltak overfor born. Vi har i nokre tilfelle kjøpt tiltak eksternt der kommunen sjølv ikkje har hatt tilstrekkeleg kompetanse. Bruli gjev butilbod for inntil åtte bebuarar. Andre halvår har dagtilbodet for psykisk helse og rus også hatt tilhald her, som fylgje av flytting av barnehagen til Tømra. Avdelinga sine tilsette deltek i frisklivstilbod, driv lågterskeltilbod og er medlem i psykososialt kriseteam i tillegg. Psykososialt kriseteam har vært aktivert seks gonger i 2018.

Tenester for funksjonshemma

Avdelinga omfattar Bufellesskapa Reini og Svingen, med totalt 15 bueiningar. Éin av desse er barnebustad. I 2018 blei i tillegg ein bustad gjort til avlastningsbustad for barn. Båe desse tiltaka er definert som institusjon. Ved utgangen av 2018 er det fatta vedtak slik at alle bueiningane ved Svingen er tildelt. Dette er fyrste gong sidan opninga i 2015.

Utvalde KOSTRA-tal –helse –og omsorgstenester

	Vinje	Tokke	Tinn	Like kommunar
Netto driftsutgifter til kommunehelsetenesten i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent)	9,8	7,3	6,8	6,4
Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester pr innb. (kr)	47 223	42 700	42 189	36 534
Netto driftsutgifter til førebygging, helsestasjon og skulehelseteneste pr innb.	1 531	1 123	902	741
Netto driftsutgifter til omsorgstenester i prosent av kommunens samlede netto drifts (prosent)	38,2	35,4	39,1	33,1
Netto driftsutg. til diagnose, behandling og rehab. pr innb.	6 350	4 972	4 026	3 795
Fysioterapiårsverk pr. 10 000 innb. – kommunehelseteneste	15,8	14,8	13,8	11,1
Legeårsverk per 10 000 innb.	17,7	18,0	11,2	15,4
Årsverk av ergoterapeutar per 10 000 innb.	-	-	-	1,52
Andel brukartilpassa einerom med eige bad/WC i %	100,0	71,4	98,6	91,0

Bustadsosialt arbeid

Ansvaret er lagt til Helse og omsorg, og bustadkonsulent blei tilsett i 2018. Bustadsosial Statlege verkemiddel frå Husbanken inngår i ansvarsområdet. Bustadsosialt arbeid krev tverrfagleg innsats og det er organisert for dette.

NAV Vinje –sosialtenesta

NAV er i kontinuerleg omstilling og det er signalisera store endringar i Stortingsmelding 33.

Det blir i den samanheng veldig viktig med eit aktivt partnerskap mellom stat og kommune i åra framover.

Vinje kommune har nå gjort vedtak om å bli med i eit samanslått NAV kontor med Seljord, Kviteseid, Nissedal, Tokke og Vinje frå 01.01.2020. Tokke kommune vert vertskommune for det samanslåtte NAV kontoret i Vest-Telemark.


Nav Vinje sit i bustadsosialgruppe i kommunen .

Utvalde Kostra- tal NAV/sosialtenesta

	Vinje	Tele- mark	Like	Tokke	Tinn	Landet	Landet uten Oslo
Netto driftsutgifter til sosialsektoren pr. innbyggjar	3 684	4 359	3 299	4 067	2 815	3 870	3 589
Netto driftsutgifter i % av samla totale driftsutgifter	4,5	6,9	4,5	4,8	3,6	6,4	6,0
Sosialhjelpsmottakara r i % av befolkning	0,01	0,03	0,03	0,02	0,03	0,03	0,02

Vinje har mange pendlarar . Vinje kommune har ein yrkesfrekvens på 74% . Vinje kommune hadde ved utgangen av 2018 1% heilt ledige. 204 personar hadde varig uførestønad ved utgangen av 2018 - dette tilsvarar 8.8 % av aldersgruppa 18 - 67 år.

Arbeidsløysa ved utgangen av året
2015-2018



	Desember 2015	Desember 2016	Desember 2017	Desember 2018
Heile landet	3,0	2,8	2,4	2,3
Telemark	3,4	2,8	2,4	2,6
Vinje	1,5	1,4	1,0	1,1

Yrkesfrekvens kommunar 2018

--

VINJE KJØKENDRIFT

Vinje kjøkendrift er kommunens hovudkjøken og produserar middag til både sjukeheim, omsorgssentra og heimebuande. I tillegg leverar dei catering/møtemat og mat til kantina på sjukeheimen og kommunehuset.

	2016	2017	2018
Tal levert til heimebuande	12 893	14 095	14 867
Tal levert til sjukeheimen	14 116	12 926	11 916
Møtemat/sal kantine	195 000	199 636	497 000

Etterspørselen etter *tilpassa kost, alternativ* eller *diettar* er varierende. Stadig nytt regelverk på matområdet krev meir tid til dokumentasjon. Me er godt i gang med matmerking i høve til forskriften når det gjeld allergener, næringsdeklarering og holdbarhet.

VINJE REINHOLD OG TEKSTIL

Reinhald sørger for trivsel. Når smuss og støv blir fjerna, hindrar det spreiding av smitte. Eit godt reinhald er viktig for helse, og har stor innverknad på sjukefråver og produktivitet i heile kommunen.

Overordna målsetting

Eininga har som driftsmål å levere kvalitet på reinhald i kommunale bygg. Arbeidet som Vinje reinhald og tekstil utfører krev stor grad av samarbeid med dei andre einingane. Av den grunn er det naudsynt og ha kontinuerleg fokus på god kommunikasjon og samarbeidsavtaler.

Bruk og prioritering av økonomiske ressursar

Vinje reinhald og tekstil har gjennom 2018 hatt stort fokus på sparetiltak. Eit av fokusområda har vore å redusere sjukefråveret gjennom nærværsoppfølging. Arbeidet har gjeve gode resultat.

Kompetanse, personal og utvikling

Eininga har gjennomført interne fagkurs og oppfølging i medarbeiderskap med fokus på arbeidsmiljø. Dette har gjort til at dei tilsette har fått tileikna seg naudsynt kunnskap i det å vera ein god medarbeidar og kollega med motivasjon til å meistre oppgåvene.

Heiltidskultur og effektivitet

Vinje reinhald og tekstil er opptatt av heiltidskultur i tråd med den prosedyra Vinje kommune har utvikla. Det har ført til at fleire av dei tilsette har fått høgare stillingsprosent. Heiltidskultur har gjeve positive og engasjerte medarbeidarar, som igjen bidreg til effektivitet og kvalitet på tenestene.

Integrering / arbeidsutprøving

Reinhaldsbransjen er kjent for å vera ein fleirkulturell bransje. Det er på arbeidsplassen i samspel med kollegaer at ein lærer språk, kjenner fellesskap og har ei kjensle av å vera ein del av lokalsamfunnet. For å bidra til Vinje kommune sin integreringspolitikk har Vinje reinhald og tekstil eit tett samarbeid med integreringsprogrammet kommunen. I fylgje AML § 4-6 har arbeidstakerar rett på intern arbeidsutprøving. Reinhald og tekstil har vore ein arena for dette tiltaket. Det har ført til ein som har vore ute av arbeidslivet ei stund er klar til å koma attende som arbeidsøklar.

BARNEVERNTENESTA

Ved utgangen av året hadde barneverntenesta tilsette i 16 stillingar, 14 til saksbehandling inkludert leiar og fagleiar, ein i støttefunksjon og to tiltaksarbeid. To stillingar er finansiert med statlege overføringar. 60 % av stillingane er prosjektet og vi fekk 20% ressurs tilført frå Fylkesmannen hausten 2018.

Handlingsplan:

Tiltak	Mål	Resultat
Å bli meir treffsikre på tiltak	<ul style="list-style-type: none"> • 95% av undersøkingane innan 3 mnd • 95% av barn med tiltak skal ha utarbeida plan • 95% skal fylle krav til evaluering 	<ul style="list-style-type: none"> • 98 % er gjennomført innan 3 mnd • 99% har utarbeidd plan • 99% fyller krav til evaluering
Barns medvirkning	Samtale med alle barn i undersøkingar. Samtale med alle barna vi har i tiltak.	
Bruke egne tiltak og søke samarbeid med andre om lokale tiltak	Systematisk bruk av COS-P, PMTO, PYC, ICDP, foreldrerådgjevningsprogrammet og systematiskmiljøarbeid. Samarbeide med kommunane om lokale tiltak som gjev effekt.	8 familiar mottok PMTO veiledning. 24 familiar mottok veiledning gjennom COS-P, PYC, ICDP og veiledning med miljøterapeut eller foreldrerådgivningsprogram. 34 familiar eller ungdom direkte mottok ulik veiledning med innleigd kompetanse. Fleire kommunar gjev COS-P eller anna veiledning som lågterskeltilbod.
Gjennomføre tidleg intervensjon for barn i risiko, TIBIR		Ein tilsett i ein kommune fullførte opplæring som foreldrerådgjevar. Fekk oppfølging og veiledning frå TIBIR kontakten i Barnevernsamarbeidet.
Å ha eit godt samarbeid med andre kommunale tenester	<ul style="list-style-type: none"> • Fylgje opp samarbeid med barnehagane • Delta i tverrfaglege samarbeidsfora. • Dialogmøte med rektorane, helseteneste og NAV • 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi hadde ikkje feles møte med barnehagane men var på besøk og møter med personalet i fleire barnehagar i løpet av året. • Vi deltok i ulike samarbeidsfora i alle kommunane. Vi klarte ikkje å gjennomførte dialogmøte med alle rektorane, helsestasjonane, psykiatritenesta og NAV. • Vi deltok på samarbeidsmøte med alle tannlegane i Vest Telemark. Vi besøkte alle vaksenopplæringane i kommunane.
Å ha eit godt arbeidsmiljø	<ul style="list-style-type: none"> • Å ha låg del av sjukefråvær relatert til arbeid • Alle skal ha medarbeidersamtale. • HMS som fast tema på personalmøte 	<ul style="list-style-type: none"> • Det er ikkje rapportert om sjukefråvær knytt til arbeidsmiljø. 2 • Det blei gjennomført medarbeidersamtaler med dei fleste medarbeidarane. Resterande hadde avtale rett etter nyttår. Vernerunde vart gjennomført. • HMS er tema på personalmøte.

Aktivitetsmål for Barnevernsamarbeidet målt i tal på meldingar:

	Meldingar			Lagt bort			Starta US		
	2018	2017	2016	2018	2017	2016	2018	2017	2016
Seljord	36	16	33	5	2	4	31	14	29
Kviteseid	20	21	17	3	3	0	17	18	17
Nissedal	21	11	7	1	0	1	20	11	6
Fyresdal	4	16	5	1	5	0	3	11	5
Tokke	15	11	13	3	1	2	12	10	11
Vinje	32	23	27	6	4	4	26	19	23
Total	128	98	102	19	15	11	109	83	91

Kven meldte	Tal
Private	21
Politi	18
Skule	17
Barnehage	16
Barnevern	12
Anonyme	11
Foreldre	10
Psykisk helse	5
NAV	4
Helsestasjon	2
Tannlege	2
Andre	5

Aktivitetsmål for Barnevernsamarbeidet:

	Saker 2018	Tiltak i fam.	Tiltak u fam.	§ 4-12	§ 4-6	Institusjon ungdom	Institusjon foreldre/barn	Beredskapsh akutt inst.
Seljord	27	21	6	1	5	3	0	5
Kviteseid	20	16	4	4	1	1	0	1
Nissedal	9	4	3	2	1	1	0	1
Fyresdal	17	13	4	4	0	0	0	0
Tokke	13	8	5	1	5	0	3	5
Vinje	33	26	7	3	0	0	0	0
Total	119	88	29	15	12	5	3	12

- I Vest-Telemark har vi 28 tilsynsbarn (2 av barna var tilknytt beredskapsheim). Alle har tilsynsførar. Gjennomsnittleg tilsyn pr. barn var 3,3 kravet er 4. Her er noko feilrapportering so følgje av for seint innkomne rapportar. Andelen tilsyn pr. barn ville vore høgare dersom rapportane hadde komme i tide.
- BVS har 25 fosterbarn. 5 av desse er over 18 år. Ved årsslutt var 4 ungdommar på institusjon.
- Vi hadde ein sak til behandling i Fylkesnemnda i høve § 4-12. Vi fekk medhald. Det vart behandla 2 saker i høve § 4-24 (adferd). Barnevernet fekk medhald i begge desse.

- I høve to barn vart det behandla ankesak i tingretten. Barneverntenesta fekk ikkje medhald.
- 2 barn med vedtak om § 4-12, omsorgsovertaking vart behandla i Lagmannsretten. Barnevernet fekk medhald.
- Barnevernsamarbeidet hadde sakkyndig inne for utredning i til saman 5 saker.
- Vi nytta advokat til 9 oppdrag.
- 7 familiar fekk i løpet av 2018 veileding av innleigd psykolog.

SAMHANDLING I VEST-TELEMARK

Samhandlingskoordinator

Funksjonen som samhandlingskoordinator er eit spleiselag mellom Sykehuset Telemark og kommunane i Vest-Telemark, og er forankra i overordna samarbeidsavtale mellom partane. Ansvarsområdet er relatert til samarbeid mellom sjukehuset og kommunane, med fokus på oppfølging og revisjon av avtaler, faste fag –og samarbeidsmøte, samt ulike prosjekt der sjukehuset og kommunane er involvert. I tillegg til samhandling mellom sjukehuset og kommunane, vart det i 2018 organisert samarbeidsmøte mellom kommunane i Vest-Telemark innan ulike fagområde. Det vart også gjennomført eit forprosjekt innan velferdsteknologi, som legg grunnlag for vidare felles satsing i Vest-Telemark

TEKNISK DRIFT OG VEDLIKEHALD

Drift

Teknisk drift og vedlikehald (TDV) hadde eit relativt normalt driftsår i 2018 med store snomengder, men mindre krevjande vintervedlikehald i høve strøing av glatte vegar. Mange av dei tilsette var i perioden november - desember til mars i fullt arbeid med brøyting av vegar og plassar.

Det har vore stor aktivitet med rehabilitering av aldersbustader, flyktningsbustader og oppføring av lagerbygg. Kommunen har ikkje hatt særskilte hendingar innom område avløp, brann og beredskap. 2018 var krevjande med tanke på vassforsyninga i Øyfjell. TDV arbeidar for at nytt vassverk i løpet av 2019 skal betre tilhøva i Øyfjell.

Investeringar

Hovudtyngda av investeringar var innanfor vatn og avløp. Bygginga av nye Vågsli rensaneanlegg vart ferdigstilt. Prøvedrift vil vidareførast i 2019. I tillegg til dette vart det gjennomført mindre prosjekt på VA knytt til Haukeli, nytt vassbehandlingsanlegg i Øyfjell og ledningsnett og kloakkpumpestasjon til det nye bustadfeltet vart starta opp.

Av kommunale vegar vart delar av Utgardsvegen og Kostveitvegen utbedra til 10 tonns aksellast og breddeutvida. I tillegg vart brua over Sveivehyl ferdigstilt november 2018.

Når det gjeld bygg vart det utført investeringar knytt til Åmot bornehage, Norheimstunet og brannsikring av Rauland omsorgssenter og helsesenteret i Åmot. Det vart og gjennomført forprosjekt knytt til Edland skule og lokalisering av kyrkjeadministrasjon.

Brann og beredskap

Totalt var brannvesenet ute på 105 utrykkingar i 2018 mot 110 i 2017. Ein av desse hendingane var dødsulukke i trafikken og ei «mens du venter på ambulanse» hending, der person med hjartestans blei erklært død når lækjar kom på plassen.

Type utrykking	Tal utrykkingar
Automatiske brannalarmar	39
Brann av diverse slag, frå husbrann til containerbrann	33
Trafikkulukker	25
Skred, overflateredning	2
Tryggleiksalarmar	11
Medan du ventar på ambulanse	20

HMS og personale

Vinje kommune har ingen alvorlege avvik knytt opp mot forureining av ytre miljø frå avløpsanlegg. Det er heller ikkje oppdaga alvorlege avvik knytt til vassforsyning frå kommunale vassverk. Men det har vore avvik på vasskvalitet frå Øyfjell vassverk. Det er heller ikkje rapportera om alvorlege hendingar knytt til drift av veg.

KULTUR

Kultureininga i Vinje kommune er sett saman av kultursjef, ungdoms- og fritidsleiar, leiar av Frivilligsentralen, kulturskulerektor, ti kulturskulemedarbeidarar samt tre bibliotektilsette, drivar av kiosk og kjøken på Vinjehuset og drift av lokalhistorisk arkiv.

Kultur er ein viktig del av Vinje kommune sin identitet og blir i stor grad drive av friviljug innsats og dugnad. Kommunens rolle er å vera administrator, legge til rette og å koma med gode faglege råd.

A.O.Vinje 200 år

Mykje av innsatsen i 2018 var knytt til 200 års jubileet. Kultur sat i den nasjonale og regionale komiteen og hadde sekretær og gjennomføringsansvar for den lokale feiringa. Det var eit særskilt år med mange tilskipingar. Jubileumshelga 6.-8.april var ei stor markering i Vinje med mange tilskipingar rundt om og ein festkveld på Vinjehuset med 300 gjester. I oktober hadde me ein festkveld i etterkant av Det Norske Teater si framsyning om A.O.Vinje. Her serverte me Vinje-tapas til 3-400 stk. Litteraturdagane i august, som Vinje-senteret har ansvar for, hadde og A.O.Vinje på programmet.

Vinjehuset - regionalt kulturhus

Kultureininga ynskjer å gje innbyggerane variert og godt kulturtilbod, men me slit til tider med å fylle huset. Blåmann blir mellom anna bruka til juniorklubb og ungdomskafé. I tillegg

har me oppgradert vestibyla. Her har me middag kvar tysdag og konsertar av og til. Marknadsføring skjer gjennom Facebook, på heimesida til kommunen og i VTB. Folkeakademiet i Vinje stiller på dugnad slik at me får avvikla konsertar og teater på kveldstid på Vinjehuset. Bygdekinoen vitjar oss kvar 14. dag med generelt godt frammøte i 2018. Kultureininga har tilsett drivar av kiosk og møteplassen Vinjehuset.

Bibliotek

Hovudbiblioteket ligg i Åmot, med filialar på Rauland og i Edland. Det er tilskiping tysdagar på biblioteket i Åmot. Det er ulike tema og for ulike grupper. Ein gong i månaden er det Levande bok. Det er og laga til eit eige Brettspel/teiknerom på trevet med bord og stolar, slik at ungar og ungdom kan sitje litt skjerma.

Nedgang i utlån: frå 4,94 per innbyggjar i 2017 til 4,72 lån per innbyggjar i 2018.

Nedgang i besøk: frå 2,32 per innbyggjar i 2017 til 1,90 besøk per innbyggjar i 2018.

Kulturskulen

Kulturskulen har auke i elevtalet med 15 i 2018 til 155 elevar, og det er undervising på alle fire skulane i kommunen. Det er ein motorskule på Edland, og Edland skule brukte den i undervisinga våren 2018. I Åmot er det tilbod om teater. Det er stor interesse for å vera med i kulturskulen. Det blir lagt vekt på å spele saman i grupper og fellesprosjekt med skulen. Vinje har den største mønstringa i fylket på UKM (Ung Kultur Møtes).

Frivilligsentralen

Det blei tilsett ny leiar som byrja 1.august. Ho har for tida kontor plass hjå kultureininga. Ho har jobba med strategiplan og handlingsplan for Frivilligsentralen. Ho har og klart å søke inn ein god del pengar i samarbeid med Folkeakademiet slik at me har 11 symaskiner, til ein verdi av kr 120 000, på plass for å lage sykurs/låne ut til private og ei utstyrspakke for friluftsliv til ein verdi av kr 400 000. Alt blir lånt ut frå biblioteket.

Den kulturelle spaserstokken

Kommunen får tilskott til dette tiltaket frå staten via fylket. Dette tilskottet var i 2018 på kr. 16 000. I tillegg brukar kultur kr 50 000 på aktivitetar knytt til dei tre institusjonane og ein del opne tilskipingar som passar for aldersgruppa 60+.

Lokalhistorisk arkiv

Arkivet er plassert på Raulandsakademiet, kor ein finn 142 privatarkiv. Det har kome 4 nye samlingar i 2018. Me har leigd inn arkivar kvar 14.dag. Besøkstalet har gått ned, det er i gjennomsnitt 3 per gong.

Kulturprisen

Kulturprisen for 2017 gjekk til Vinje historielag. Den blei delt ut på eit kommunestyremøte i 2018.

Kulturtur - og idrettsstipend

Erik Brostigen Ringhus fekk idrettsstipendet for 2018. Kulturstipendet blei ikkje delt ut, men pengane blir brukt til ungdomstiltak.

SLT/barne- og ungdomsarbeid

Det blei skipa til fagdagar for ungdom på dagtid og for foreldre på kvelden. Tema i veke 7 var vold i nære relasjonar. I sommar blei det laga til fleire tilbod for ungdom i samband med midlar som var søkt inn til desse tilboda. Det har og vore tilbod om kino, mat og spel på Vinjehuset. I 2018 blei Ungdata gjennomført for andre gong i Vinje. Utifrå dei svara ungdomane gjev i denne undersøkinga arbeidar ein med ulike tiltak i samarbeid med skule, politi og helse.

VINJE KYRKJELEGE FELLESRÅD

Vinje kyrkjelege fellestråd har hatt 4 møte og handsama 18 saker. Av sakene kan ein nemne:

- Stønad til Vinje kommune om å få auke festeavgiftene frå kr 100 til kr 200 pr.år.
- Budsjett
- Løyvd kr 24 000 av egne midlar til prosjektering av ny inngang Vinje kyrkje.
- Samordningsavtale med Agder og Telemark bispedømmeråd om HMS arbeidet.

Det er utført grøfing/dreneringsarbeid på kyrkjegardane i Vinje og Øyfell. Midlane til dette arbeidet vart løyvd av Vinje kommune i budsjetthandsaminga.

Kyrkja tok i mars initiativ til å lage eit arrangement for å auke trafikktryggleiken. Det var først folkemøte på Vinjar der naudetatane , bilbergerar og helsepersonell deltok.

I Vinje kyrkjelege fellestråd er det 5,45 årsverk fordela på 8 tilsette. Me har tre prestar som har Tokke og Vinje som arbeidsfelt. Vinje samarbeider med Tokke om prostidiakon , organist og kyrkjelydspedagog.

Kyrkjer	Gudstenester	Gravferd	Personar	Dåp	Konfirmantar	Vigslar
Grunge	19	6	1 021	4	7	5
Rauland	29	9	1 804	5	7	4
Vinje/Nesland	25	13	1 787	7	17	0
Øyfell	13	2	400	2	1	0
TOTALT	86	30	5 012	18	32	9

Kyrkja var og med på å feire at det var 200 år sidan Aasmund Olavsson Vinje vart fødd. Det var feira med gudstjeneste i Vinje kyrkje der det vart syngte sangar med tekst av Aasmund Olavsson Vinje.

REGIONALT SAMARBEID

Vinje kommune er ein del av Vest-Telemark-regionen. Her er Vinje engasjert og involvert i mange ulike samarbeidsorgan med ulike organiseringsformer, ansvar og deltaking. Vest-Telemarkrådet har ei viktig rolle innan kontakt og samarbeid med stat, fylkeskommune, regionråd og andre organisasjonar. Vinje kommune er med i 17 ulike interkommunale samarbeid som spenner frå innkjøpsavtaler til vertskapsrollemodellar som til dømes Barnevernssamarbeidet med sete i Kviteseid.